

Bergen før Bergen

Tittelen Bergen før Bergen viser oss at det som først er eit ordspel kan bli ei god historieforteljing med rot i røynda. Bergen by sin historie er rik på forteljingar og personar både i nær men og fjern fortid. Strekkjer me oss lenger enn langt tilbake i tid er sjølv sagt vår kunnskap og kjennskap nokså oppstykka. Skulelærdom og interesser sit kan hende igjen hjå nokre av oss, men fortid og historie synest verta fjerne og fjerne for dei aller fleste.

Forteljinga her tar utgangspunkt i kulturminna rundt Odontologen og Statsarkivet på Årstad. Det er vel kjent at her låg den tidlegare kongsgarden - Alrekstad. Garden er på mange vis sjølv arnestaden til Bergen by. I sagamaterialet er Alrekstad nemnt som eit viktig høvdingsete alt langt tilbake i eldre jernalder. I fra vikingtida og sjølv rikssamlinga er den blitt kongsgard. Sjølv med denne bakgrunnen er garden mest ikkje fagleg vurdert eller omtalt. Korkje arkeologisk eller historisk er garden vurdert som noko anna enn ein gard i eldre og yngre jernalder. Kor den låg, hus og åker eller for den del forsvarsverk er sjeldan undersøkt. Det faglege fokuset har alltid vore på Bergen by i mellomalder. Det er som om Olav Kyrre ved eit innfall fekk ideen om å setje kjøpstadsby på Bryggen, medan han då vandra rundt på bøane oppe på Alrekstad. Garden er slik blitt til ei taus kulisse.

Alrekstad eller no Årstad er i dag innlemma i storbyen Bergen og det er stadig vanskelegare for oss å sjå spora etter garden. Tek ein seg tid kan me trass i tett og intensiv byutvikling dei siste 100 åra, framleis sjå restar av eit gammalt landskap. Arkeologien finnes framleis inne i hagar og på parkeringsplassar. Dette er funn som er til stor nytte i formidling og er kan hende føresetnaden for Bergen by som Bjørgvin. Utfordringa er å fortelje på ein måte slik at lesarane får ei forståing av føresetnadane garden hadde. Ikkje minst korleis naturen sjølv har danna grunnlag for garden Alrekstad.

Korleis kan me nærma oss eit slikt spørsmål? Svaret finn me eigentleg i Bergen si eiga nære historie. Frå Olav Kyrre sette kjøpstaden Bjørgvin ved Vågen til den tok igjen Årstad og Kronstad gjekk det mest 900 år. Der Bryggen og byen vaks ut i vågen gjekk utviklinga sakte i dei bynære grendene. Studerer me fotografi til dei bergenske fotografar på slutten av 1800-talet, får me og høve til å kikke på landskapet slik det truleg også var før Bergen blei Bergen.

Frå 1880 åra og framover dokumenterte fotografane stolt det dei såg som framskrift og byutvikling. Bergensbilte som viser liv og røre, i tillegg til utvikling i områda kring Bergen, har likevel meir informasjon å gje. Upåakta av dei fleste, kan ein gjennom biletene frå bygging av Haukeland sykehus og Statsarkivet sjå korleis det gamle landskapet var, og korleis det er blitt. Gamle foto som er for historiske kuriosa å rekne, har og eit ibuande arkeologisk formidlingspotensial. I kontrast til byhistorikarar, kunst- og arkitekturkunnige, kan arkeologar sjå etter anna informasjon. Dette er med andre ord ein skatt som gjev oss kunnskapsverdiar langt ut over det fotografen tenkte å dokumentere.

Kvifor vart det Alrekstad og ikkje andre gardar som etter kvart merkte seg ut som hovudsete. Her kan ein teoretisere på dei menneskelege relasjonane i sagamaterialet mest i det uendelege. Som gard hadde Alrekstad likevel viktige fordelar i høve til dei andre. Her var godt med både vatn, bakkar og moreneavsetningar, som igjen gav gode åkrar. Dei bratte liene med Breidablikk og Fløenbakken var truleg gode og solrike kornåkrar, medan der Odontologen ligg i dag var bør med gras og eng, med ein og annan åkerlapp. Garden låg også langs med den gamle ferdelsevegen inn Våkendalen og over Borgarskaret til Arna. Tek ein med landhevinga, vil Store Lungegårdsvann i eldre jernalder ha vore større og var slik ei svært god og sikker havn.

Det er gjengs å tillegge jernalderhøvdingen Alrek å vera opphavet til namnet på garden og seinare avleidd til namnet på fjellet Ulriken. Ein av dei første Alrek-ane me får høre om er hjå historikaren Tormod Torfeus som tidleg på 1700 – talet plasserer den første Alrek til tida kring 200 – 300 talet. Sant eller usant, så er dette likevel arkeologisk interessant. Det me har av arkeologiske funn her, har dateringar som hamnar innanfor dette tidsrommet. Alrekstad som gard er ei sak, medan Alrekstad som politisk sentrum er noko anna. Samanfall mellom saga og arkeologisk materiale er sjeldan kost i Noreg.

Ei handfull mengd bilete fortel oss om det førtidige landskapet. Fotografiet i frå Fløenbakken viser ikkje berre Haukeland sjukehus og byggeklare tomter i all si framtidsånd, men og gravhaugen i Fløenbakken. I dag er her eit tettbygd bustadområde. I den eldre delen av jernalderen var moreneterrassen på Fløen opp frå Store Lungegårdsvann ei viktig havn for garden. Truleg så viktig at dei let bygde ein stor gravhaug på flata.

Fløenbakken med dens nærmeste omgivelse
UBB-KK-N-301/026

Fotograf: Atelier KK

28.01.1928 - 28.01.1928
Oversiktsbilde over Fløen og Fløenbakken, med Haukeland sykehus i bakgrunnen

Emneord:
Oversiktsbilde, Veg, Sykehus, Byggeplass, Trallebane, "Offentlige kontorer", Politi,

Geografiske lokasjoner:
Fløen, Fløenbakken,

[Legg bildet til min liste](#) | [Vis min liste](#) | [Send kommentar](#)

Fotografiet til Knud Knudsen av området rundt Storhaugen er teke tidleg på 1880-talet. Her ser me Bergen vera det sentrale motivet, der han dokumenterer byutvikling i kontrast til åker og teigar på dåverande Årstad. Bildet skjuler og fortidskunnskap. I 2006 påviste byantikvaren fleire fortidsminne under parkeringsplassen ved Statsarkivet. Då desse vart utgravne i 2008 kom det fram busetnadsspor frå eldre jernalder. I foten av Storhaugen var spor etter hus i frå både Romartid og Folkevandringstid, eller 300 – 500 talet. Dette er då i ei tid me frå sagamaterialet veit at Alrekstad som gard har hatt ein sentral posisjon.

Bergen og Kalfaret fra Sør-III
UBB-KK-1318-2710

Fotograf: Knudsen, Knud

01.01.1882 - 31.12.1885
Del av panorama- 2708-I, 2709-II og 2711 - IV

Emneord:
By- og småsteder, Oversiktsbilde,

Geografiske lokasjoner:
Årstad, Store Lungegårdsvann, "Bergen og omegn", Kalfaret,

[Legg bildet til min liste](#) | [Vis min liste](#) | [Send kommentar](#)

Før Bergen vart Bergen byrja byen altså på storgarden Årstad eller Alrekstad. Dette var då eit av Vestlandet sitt viktigaste høvdingsete i si tid, ein viktig gard med gode naturgjevne tilhøve. I tidleg byutvikling har mykje av fortida vår forsvunne. I dag skal slike funn og soger vera meir påakta. Det er likevel grunn til uro, når me ikkje kjenner vår eiga fortid godt nok til å gjera gode varige val som sikrar vår eigen kulturarv. Etterpåklok er nok dei fleste samd i at plasseringa av eit tun i frå eldre jernalder ved foten av Storhaugen på Årstad er openbar. Ingen hjå Bergen kommune eller Riksantikvar merkte seg at dette då var dei siste spora etter Bergen og Hordalands kanskje viktigaste førhistoriske maktsentra ein grov bort.